

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelmisjon

<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## **Pinsedag - søndag 8. juni 2014**

Preiketekst: Joh 20,19-23

Lesetekst I 1 Mos 2,4-9

Lesetekst II: Apg 2,1-11 eller Rom 8,9-11

## **Vigsla til Guds eieendom**

### **Pinse – ei jødisk høgtid**

Den pinsedagen då Peter og dei andre opplevde at Den Heilage Ande kom og fylte dei, var på ingen måte den første pinsedagen. Israelfolket hadde allereie feira pinse kvart år i mange hundreår. Det vanlegaste namnet på denne høgtida var – og er – Sjavuot, dvs vekehøgtida, sidan det er sju veker, dvs 50 dagar frå pesach (påske) til pinse (3 Mos 23,15-16).

Eit anna namn på pinsehøgtida er "Førstegrødefesten" etter 4 Mos 28,26. Festen passar godt i tid med jordbrukssyklusen i Israel. Det teologiske prinsippet er at Gud er kjelda for alt liv og all grøde. Derfor skal Gud få tilbake det han har gitt (5 Mos 26,1-2; Ord 3,9-10). Dessutan har Gud krav på det førstefødde av både menneske og dyr som teikn på at Gud førte ut Israels folk frå Egypt (2 Mos 11; 13,2; 4 Mos 3,40-51). Pinse handlar om å vera vigsla til å vera Guds eieendom.

Sjølv om pinsehøgtida ikkje er eksplisitt knytta saman i den hebraiske bibelen (GT) med at Lova (Torah) blei gitt på Sinai, så er det ein gamal jødisk tradisjon, eldre enn Jesus si tid, at pinse er "tida for at Lova blei gitt". Samanliknar vi 2 Mos 19,1.16-19 med Apg 2,1-4, er parallellane openberre (sml vidare 2 Kor 3,7-18). Sinaipakta blei broten av folket allereie ved at folket laga ein gullkalv. Men Gud gav ikkje opp. Måten Sinaipakta skal bli fornya for Israel og Juda sitt hus, var profetert i forkant (Jer 31,27-34). Det at Israels folk skal få Guds Ande og bli samla, er omtalt i Esek 36,24-27; 37,11-14.

### **Førstegrøde i to omgangar**

Preiketeksten på pinsedagen frå Joh 20,19-23 handlar om noko som skjedde på påskedagen, oppstodedagen. Det finst ein logikk i dette sidan to "førstegrødefestar" er omtalt i Bibelen. Den første som ein del av påskehøgtida, dagen etter sabbaten (3

Mos 23,8-11), og den andre er sjølve pinsefesten. Landbruksteknisk handler det om at bygghausten kjem først og kveitehausten etterpå. Det teologiske poenget NT lagar ut av dette, er at Jesus, som stod opp på på første dagen i veka, dagen etter sabbaten, er førstegrøda av det nye livet (1Kor 15,20). Førstegrøda tyder at det kjem meir etterpå (1Kor 15,23, Rom 8,29) heilt inntil den siste fienden, døden, er overvunnen (1Kor 15,26).

Ved namnet "førstegrøde" er det tydeleg markert at noko nytt og grensesprengjande har begynt. Gud har handla. Det er ein ny fase i frelseshistoria. Samtidig er ei førstegrøde òg eit teikn på at det kjem meir. Pinse – førstegrødefesten - peikar i sin natur framover mot at det skal bli meir av same slaget.

### **Den Heilage Ande – livets Ande**

På same måte som Gud bles livspust i nasen på mennesket (1 Mos 2,7) med den hensikt at Adam skulle leva i hagen med livets tre, så reiste Gud opp Jesus frå dei døde. Livspusten kom tilbake, "ved heilagdoms Ande" (Rom 1,4). Då Jesus kom til læresveinane som sat bak stengde dører, viser det at Jesus sin nye kropp hadde kapasitet utover det som kroppane våre normalt har. Samtidig var Jesus sin nye kropp ikkje meir ny enn at dei kjente han att, sidan det var eit poeng for Jesus å visa hendene og sida si – stadene der sårmerkene frå krossfestinga er.

Til påske, som òg blir kalla "høgtida med usyra brød", skal det berre brukast usyra brød, som teikn på at høgtida ikkje skal feirast med "ein surdeig av vondskap og synd, men med usyra brød av sanning og reinleik" (1 Kor 5,8). Til pinse skal det derimot brukast to brød med surdeig (3 Mos 23,17). Poenget som er nærliggjande å trekkja ut av dette, er at livet Gud gav då han skapte, er korrump og lagt under forgjengelegdom (Rom 8,20) på grunn av synda. Det vonde må bort og det må sonast (sml påskelammet og Jesus på krossen). Men etter at Jesus stod opp som førstegrøda, så skal Guds Ande gjennomsyra til og med dei dødelege kroppane slik at dei blir levande (Rom 8,11). Det dødelege skal bli ikledd udøyelegdom, og døden skal bli oppslukt (1 Kor 15,53-54). Gud skal vinna tilbake alt! Det er derfor Jesus kan helsa læresveinane med "Fred vere med dykk!" (Joh 20,19).

### **Den Heilage Ande – gitt på påskedag eller pinsedag?**

Preiketeksten reiser eit spørsmål om korvidt Den Heilage ande blei gitt av Jesus allereie på påskedagskveld, eller om læresveinane fekk Anden på pinsedag. Her finst det ulike syn og ulike kominasjonsløyser.

Sidan Jesus pusta på læresveinane i det han sa "Ta imot Den heilage ande", er det nærliggjande å tolka det som at Jesus verkeleg formidla Guds Ande i analogi med 1 Mos 2,7. Den oppstadne Jesus hadde med seg ei livskraft utover våre forestillingsevner då han gjekk ut av grava. Samtidig viser parallellteksten i Luk 24,49 og himmelfartsteksten i Apg 1,4 at Jesus ikkje forventa at læresveinane skulle vitna om Jesus før dei fekk kraft til det, nemleg på pinsedag. Sjølv internt i Johannesevangeliet er det tydeleg at òg etter at Jesus kom på påskedagskveld, låste

læresveinane seg inne (Joh 21,26), og dei gjekk tilbake til det gamle yrket (Joh 21,3). Det var ikkje før etter pinsedag at det blei fart i sakene!

Det er mogleg at det Jesus gjorde på påskedagskveld ved å seia "Ta imot Den heilage ande", var både eit løfte om kva som skulle koma, men òg ein type stadfesting av at sigeren over synda og døden var på plass som ved Andens verk òg gjaldt for læresveinane som "førstegrøda av dei truande", medan neste frelseshistoriske trinn, den med åndskraft og vitneiver først kom femti dagar seinare. For oss i dag spelar det mindre rolle korleis det var då, sidan vi no lever mellom pinsedag der Anden er gitt oss slik at Anden bur i oss og styrer oss. Vi har Andens førstegrøde (Rom 8,23), og vi ventar med sukk og lengt etter neste trinn i Guds frelsesplan.

### **Oppdraget er gitt**

Oppdraget læresveinane fekk, er det same vi har den dag i dag. Slik Jesus blei send som Guds Messias til jorda, slik sender han læresveinane (Joh 20,21). Så lenge vi tilhører Jesus og Guds Ande bur i oss, så ber vi det same oppdraget som Jesus, nemleg å vera ei førstegrøde av dei gjenreiste som peikar fram mot Guds fulle gjenreising. Derfor har diakoni ein sentral plass i budskapet, fordi det peikar på ein profetisk måte mot ei verd der alt er bra, på same måte som Jesus helbreda og gjorde godt. Dessutan la Jesus stor vekt på forkynning av Guds rike til omvendning og nytt liv. Jesus gjekk i Guds Andes kraft og derfor er det naturleg å forventa at læresveinane hans òg utfører under og teikn.

Pinse peikar fram imot at Jesus Messias sitt oppdrag skal bli slutført. Verken vi, eller andre læresveinar på jorda, er sette til å fremja eigen agenda, "det er ikkje kjøtet som har makta over dykk, det er Anden" (Rom 8,9). Oppdraget vårt er å vera sendt til verda på same måte som Gud Far sende Jesus: "Men no er Kristus oppstaden frå dei døde. Han er førstegrøda av dei som har sovna inn. ... Men kvar til si tid: Kristus er førstegrøda, deretter følgjer dei som høyrer Kristus til, når han kjem. Så kjem enden, når han overgjev kongsmakta til Gud, sin Far, etter at han har utsletta all makt og alt herredøme og alt velde. ... Den siste fienden som blir gjort til inkjes, er døden." (1 Kor 15,20.23-24.26)

Pinse handlar om å vera vigsla til å vera Guds eigedom!

### **Andreas Johansson**

Teolog, ordinert prest. Stedleg representant for Den Norske Israelsmisjon, i Israel  
[ncmi.israel.representative@gmail.com](mailto:ncmi.israel.representative@gmail.com)